

Notat

Går til: Styremedlemmer
Føretak: Helse Vest RHF
Dato: 15.10.2010
Frå: **Administrerende direktør**
Sakhandsamar: **Irene Valvik Vågen**
Saka gjeld: **Orientering til styret om status for ambulansetenesta**

Arkivsak

2010/255

Administrerende direktør si orientering pkt 4

Styresak 113/10 O

Styremøte 03.11. 2010

Ambulansetenesta i dei fire helseføretaka er underlagt forskrift om krav til akuttmedisinske tjenester utenfor sjukehus frå 2005. Denne forskrifta har klare kompetansekrav til dei som skal arbeide innan ambulansetenesta, jf §17 2. ledd.

Minst ett av helsepersonellet skal ha autorisasjon eller lisens som ambulansearbeider. Øvrig helsepersonell må kunne dokumentere annen relevant akuttmedisinsk, pleiefaglig og redningsteknisk kompetanse. Dette innebærer som minimumskrav en redningsteknisk del med 55 timer teori og 15 timer praktiske øvelser, samt en medisinsk del som inkluderer en teoretisk del på 120 timer og 3 ukers praksistjeneste ved mottakelsesavdeling/intensivavdeling (1 uke), operasjons- anesthesiavdeling (1 uke) og medisinsk/kirurgisk avdeling (1 uke).

Alle helseføretak har arbeida aktivt for å sikre at ambulansetenesta oppfyller kompetansekrava som er gitt i forskrift. Helseføretaka har sett i verk ulike tiltak for å sikre at medarbeidarane oppfyller krava til minimumskompetansen. Føretaka har også sett i verk tiltak for at flest mogleg av medarbeidarane skaffar seg fagbrev og autorisasjon som ambulansearbeidarar. I tillegg har helseføretaka sett i verk ulike organisatoriske tiltak som sikrar at ambulansetenesta har rett kompetansesamansetting.

Helse Stavanger melder at dei per september 2010 oppfyller alle dei gjeldande kompetansekrava til ambulansetenesta. I tillegg til krava som er gitt i forskrift har Helse Stavanger innført egne krav, blant anna blir det stilt krav til autorisasjon av alle ambulansearbeidarar før ein eventuell fast tilsetning i ambulansetenesta. Det er også innført krav om at minst ein i teamet på ambulansen skal ha gjennomført vidareutviklingskurs, trinn 2, og at medarbeidarane gjennomfører opplæring og skaffar seg førarkort for uttrykkingskjøring. Helse Stavanger er ikkje ambulanseloperatør for heile helsedistriktet. For einskilde kommunar og distrikt er det private eller kommunale aktørar som tar seg av ambulansetenestene, som for eksempel Røde kors. I desse tilfella har Helse Stavanger rutinar som skal sikre at kvaliteten på desse ambulansetenestene også oppfyller dei gitte forskriftskrava. Dei private og kommunale aktørane er i følgje Helse Stavanger gjort kjend med kompetansekrava. Dei er i tillegg pålagt av helseføretaket å sende inn vaktlister med oversikt over kompetansen til det nytta personalet til føretaket. Vidare registrerer Helse Stavanger kompetansen til ambulansepersonalet inn i eit eige dataverktøy, AMIS. Dette gjer det mogleg å ha kontroll på bemanninga i ambulansetenesta. Innføring av årlege fagdagar for ambulansetenesta er med på å sikre medarbeidarane ei fagleg oppdatering.

Når det gjeld Helse Bergen, så har føretaket 220 medarbeidarar i ambulansetenesta fordelt på 188 operative stillingar. Av dei 220 medarbeidarane har 172 autorisasjon som ambulansearbeidarar. Dei

resterande 48 medarbeidarane oppfyller det minimumskravet til kompetanse som myndighetene har sett. Føretaket har, per oktober 2010, 26 læringar innan ambulanséfaget. Det vert arbeida aktivt med å heve kompetansen til medarbeidarane, blant anna ved at føretaket refunderar utgifter som medarbeidarane har i samband med autorisering, og ved at føretaket arrangerer eigne vikarkurs for å sikre minstekrava til kompetanse.

I Helse Fonna er det, per september 2010, 152 medarbeidarar som er fast tilsette i ambulansetenesta. Av desse har 119 fagbrev og 33 har minimumskompetanse. Medarbeidarane i ambulansetenesta blir meldt opp til fagprøve så snart dei har godkjend praksistid. Helse Fonna har sett i verk tiltak for å sikre at vaktfordelinga alltid har kompetente ambulanseteam. Det kan for eksempel være at medarbeidarar bytter stasjon for ein periode eller ved einskilde vakter. Eit anna tiltak kan være at leiarane sjølv går inn i det praktiske arbeidet.

Det har vore større utfordringar i Helse Førde med å sikre rett bemanning og kompetanse til ambulansetenesta. I Helse Førde er det per oktober 22 ambulansestasjonar og føretaket disponerar 30 bilar i ordinær teneste. I november 2008 var 71 av 146 medarbeidarar i ambulansetenesta autoriserte. Helse Førde har lagt ned eit monaleg stykke arbeid for å betre kvaliteten og heve kompetansen i ambulansetenesta og situasjonen er no at 120 av 150 medarbeidarar har autorisasjon som ambulansearbeidarar, altså 80 prosent av medarbeidarane i ambulansetenesta. Føretaket har auka talet på læreplassar i ambulanséfaget, etablert lærekontraktar med vaksenlærlingar og gjennomfører ambulanskurs/forskriftskurs tilsvarande minstekrava i forskrifta. Føretaket har også sett i verk økonomiske tiltak, slik som autorisasjonstillegg for ambulansearbeidarar, og trinntillegg for ambulansearbeidarar med tilleggskurs. I tillegg til dei økonomiske og kompetansehevande tiltaka som føretaket har sett i gang er det òg innført organisatoriske tiltak som for eksempel rotasjonsordningar og vaktordningar med vakt på vaktrom. Desse tiltaka gjer at føretaket, per oktober 2010, innfrir kompetansekrava på 19 av 22 stasjonar. Utfordringane til Helse Førde er i all hovudsak knytt til tre stasjonar, Selje stasjon, Vik Stasjon og Svelgen stasjon. Små ambulansestasjonar er meir utsett for uføresett fråvær og ferieavvikling. I følgje Helse Førde vil kompetansetiltaka og rotasjonsordningar, som er sett i verk, over tid betre situasjonen i ambulansetenesta.